



Toftøy SF

Årsplan 2022-23




-saman i vennskap, leik og læring-



Innhold

- Innhold og forord, side 2
- Velkommen til Toftøy SFO, side 3
- Styrande lovverk, vedtekter og planar, side 3
- Satsingsområde, side 4
- Vi som jobbar på SFO, side 5
- Dagen på SFO, side 6
- Reglar på SFO, side 6
- Foreldresamarbeid, side 7
- SFO-årshjul, side 8
- Praktisk informasjon om Toftøy SF 😊, side 9-10



Forord

Årsplanen for Toftøy SFO er personalet sitt arbeidsreiskap. Planen er også informasjon til foreldre/føresette, eigar og andre interesserte om innhaldet i SFO-tilbodet ved Toftøy skule.

Velkommen til Toftøy SF 😊

«Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn. Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.» (Opplæringslova § 13-7)

SFO er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod, og er ein del av skulen si verksemd. Skule og SFO har eit tett samarbeid og bidreg til å skape eit heildagleg tilbod for dei yngste barna ved skulen.

På Toftøy SFO skal det være godt og trygt å være for alle. God omsorg, humor og glede, faste rutinar og felles reglar er viktig for å oppnå dette. På SFO samarbeider vi med skulen og foreldre om å lære barna å ta ansvar for fellesskapet, ta omsyn og vise respekt for kvarandre.

SFO er barna si fritid og det er viktig at barna sjølv får velge aktivitetar dei opplever som kjekke. Vi har tilbod om rikeleg tid til leik, og eit utval av meir strukturerte aktivitetar.

Styrande lovverk, vedtekter og planar

Opplæringslova § 13-7 Skulefritidsordninga pålegger skulen å ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. trinn og for barn med særskilde behov på 1.-7. trinn. Lova seier også noko om blant anna innhald og tilrettelegging.

Kapittel 9 A Elevene sitt skulemiljø i opplæringslova gjeld også for SFO, og omhandlar barna si rett til eit trygt og godt psykososialt og fysisk skulemiljø.

Rammeplan for SFO «Sammen i vennskap lek og læring i det 21. århundre» set rammar for satsningsområde, aktivitetar, samarbeid SFO-heim, leing av SFO og kvalitetsoppfølging i SFO for alle skulefritidsordningane i Øygarden kommune.

SFO-vedtektene for Øygarden kommune seier noko om eigartilhøve, bemanning, økonomi, forsikring, ferie osv.


Satsingsområde

Satsingsområdet i rammeplan for SFO er «Vennskap, leik og læring i det 21. århundre».

Barna sine kompetansar skal fremmast gjennom vennskap, leik og læring.

Aktivitetsområda i SFO skal være verkemiddel som byggjer opp under dei tre bærebjelkane; vennskap, leik og læring.

- **Vennskap:** På SFO skal vi legge til rette for eit varmt og inkluderande sosialt fellesskap, med omsorgsfulle ansatte som anerkjenner og verdsetter barna og barndommens eigenverdi. Vi vil jobbe for at alle barn skal føle seg sett og anerkjent for den dei er, og at dei skal oppleve at det finnst mange måter å tenke, handle og leve på. SFO skal aktivt bidra til å danne fellesskap der alle barn kan delta og få ei oppleving av å høyre til. SFO skal bidra til at barn opplever likeverd, sosial tilhørighet og fellesskap med andre barn og med personalet.
- **Leik og læring:** Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Barna skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og til å oppleve meistring. Vi skal tilrettelegge for, og støtte opp om, at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. SFO skal legge til rette for leik som engasjerer og inspirerer barna i aktivitet og til aktivitet, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring. Aktiviteten i SFO skal ha eit tydeleg barneperspektiv. Dei ansatte skal legge til rette for, og inspirere til, eit godt leikemiljø for alle barn. SFO skal legge til rette for at barn med behov for særskilt tilrettelegging blir inkludert i leik og tilrettelagt aktivitet.



Vi som jobbar på SF 😊

Rektor: Arne Petter Solberg

Telefon: 56385550

SFO-leiar: Beathe Blom Watnedal (førskulelærar)

Telefon kontor: 56385557 SFO-mobil: 90097063

beathe.watnedal@oygarden.kommune.no

Kathrine Syversen: Barne- og ungdomsarbeidar / fagarbeidar.

Lisa Grundvåg Thuraisingam: Barne- og ungdomsarbeidar / fagarbeidar.

Stine Dale: Barne- og ungdomsarbeidar / fagarbeidar.

Randi og Daniel: vernepleiarar som tilrettelegg ein times idretts-aktivitet torsdagar og fredagar på SFO, mellom kl. 13 til 14.

Rektor har det overordna, administrative og pedagogiske ansvaret for SFO. SFO- leiar har ansvaret for den daglege drifta.

Fagarbeidarar som jobbar på SFO, møter barna også i skulen. Der jobbar dei i ulike klassar, i lag med lærar.



Dagen på SF 😊

Kl.	Morgon-SFO				
07.00	Morgon-SFO opnar for påmelde barn. Tid for roleg leik inne/ete matpakke.				
08.20	SFO-barna går til klasserommet sitt.				
Skuletid					
Ettermiddags-SFO					
Oppstart	Månd. 14.00	Tysd. 13.00	Onsd. 13.00	Torsd. 13.00	Fred. 13.00
Kl. 14.00: Måltid	Innkryssing og oppstart.	Innkryssing og oppstart.	Innkryssing og oppstart.	Innkryssing og oppstart.	Innkryssing og oppstart.
	Måltid m/matpakke.	Leik/aktivitetar ute. Måltid m/matpakke.	Leik/aktivitetar ute. Måltid m/matpakke.	Leik/aktivitetar ute. Randi/Daniel: aktivitet 13-14 Måltid m/matpakke	Leik/aktivitetar ute. Randi/Daniel: aktivitet 13-14 Måltid m/matpakke
	Leik og aktivitetar inne/ute.	Leik og aktivitetar inne/ute.	Aktivitetar inne/ute.	Leik og aktivitetar inne/ute.	Leik og aktivitetar inne/ute.
15.30	Alle barn som er påmeld til kl. 15.30 må være henta/gått heim (Avtale) innan kl. 15.30. Takk for i dag til 15.30-barna våre 😊				
16.30	SFO stenger. Alle barn må være henta/gått heim (Avtale) innan kl. 16.30! TAKK FOR I DAG 😊				

Dersom barnet ikkje skal på SFO, MÅ vi få beskjed på Transponder, innan klokka 12.

Reglar på SF 😊

Vi har dei same kjernereglane som skulen:

- Gjer som dei vaksne seier
- Hald hender, føter og stygge ord for deg sjølv
- Lytt til den personen som har fått ordet

Foreldresamarbeid



God og tett kommunikasjon mellom heimen og SFO er ein viktig tryggleik for at barna skal trivast, og for at føresette og SFO skal få nødvendig informasjon. Vi ønskjer at de hentar barna på SFO, slik at vi kan gje tilbakemelding på daglege hendingar. Har du behov for å snakke med oss, om korleis ditt barn har det på SFO, om du lurar på noko med SFO, så ønsker vi at du tar kontakt. Stort eller smått. Alltid, uansett! Nokon gonger er det mogleg å få nokon ord med oss når du henter/bringer, men ofte er det travelt og vi er opptatt med barna og tida strekker ikkje til. Men då er det berre å ta kontakt på e-post, Transponder eller mobil.

- Hugs å gje beskjed til personalet når du hentar barnet ditt.
- Hugs å sende melding på Transponder innan kl.12, dersom barnet ditt ikkje kjem på SFO, eller dersom andre skal hente osv.
- Vi tar kontakt med deg, via transponder, telefon eller ved henting, ved spesielle hendingar.
- Det ligg informasjon om SFO på kommunen og skulen sin heimeside (endring av plass, oppseiing, vedtekter, årsplan osv.).
- Vi ønskjer at de tek kontakt med oss dersom det skulle være noko. Det er ofte nyttig for oss å få beskjed dersom det er spesielle hendingar/store endringar som har førekomme heime eller på skule/SFO. Dette fordi personalet då skal kunne forholde seg til barnet på eit tilpassa vis.
- I byrjinga av kvart skuleår vil alle få eit Avtaleskjema som de fyller ut og returnerar. Dette inneheld viktig informasjon om barna (føresettes mobilnummer/allergi/sjukdom og liknande) Her skriv dykk og på fast avtale dersom barnet ditt skal gå heim frå SFO på eigen hand. NB! Dersom det blir nokre endringar må de helde oss oppdatert (eks. nytt mobilnr./allergiar/sjukdom osv.)
- Det er SFO-foreldremøte i lag med 1.klasse sitt foreldremøte kvar haust, og tilbod om foreldresamtalar ved behov. SFO er representert i FAU og SU.
- SFO-leiar er ein del av leiarteamet ved skulen, og har tett samarbeid med kontaktlærarane på småtrinnet.

SFO - årskalender

MÅNAD	MERKEDAGAR
August	Planleggingsdagar: 15.,16. og 17. august/skule og SFO stengd. Første skule- og SFO-dag i skuleåret 2022-23: torsdag 18. august!
September	Påmeldingsfrist for å melde barn på haustferie-SFO: Bindande, digital påmelding for felles vinterferie-SFO på Rong skule: Pris: Kr. 915 pr. veke.
Oktober	Haustferie: i veke 41, for skule og ordinær SFO. Det er tilbod om felles ferie-SFO for påmelde barn på Rong skule.
November	Planleggingsdag: fredag 04.11. Skule og SFO er stengd.
Desember	Siste skule- og SFO-dag før juleferien: tysdag 20.12.22. (Det er IKKJE tilbod om ferie-SFO i juleferien.) Juleferie: 21.12 til og med 30.12.22
Januar	Planleggingsdag: måndag 2.januar 2023. Første skule- og SFO-dag etter juleferien: tysdag 03.01.23.
Februar	Påmeldingsfrist for å melde barn på vinterferie-SFO: Bindande, digital påmelding for felles vinterferie-SFO på Rong skule.
Mars	Vinterferie: i veke 9 for skule og ordinær SFO. Det er tilbod om felles vinterferie-SFO på Rong skule, for påmelde barn.
April	Påskeferie: i veke 14 for skule/SFO. (Det er IKKJE tilbod om ferie-SFO i påskeferien.) Første skule- og SFO-dag etter påskeferien: Tysdag 11. april. Bindande påmelding til felles sommarferie-SFO på Rong: 15. april 2023!
Mai	Måndag 01.05: arbeidernes dag Grunnlovsdag: onsdag 17.05 Kr. Himmelfartsdag: torsdag 18.05 Elevfri dag: fredag 19.05. Skule og SFO stengd. Måndag 29.05: 2.pinsedag
Juni	Siste skule og SFO-dag før sommarferien: torsdag 22.juni. Tilbod om felles Sommarferie-SFO for <u>påmelde</u> barn frå og med fredag 23.06 og til og med fredag 30.06 Ferie-SFO er stengd 4 veker i juli. Ferie-SFO for påmelde barn opnar igjen frå og med måndag 31.07 og til skulestart i august.



Praktisk informasjon om Toftøy SF

- SFO er oppe frå 07.00 til 16.30
- Barn kan meldast på 5 ulike SFO-tilbod; heil plass/reduisert plass/ettermiddag til 15.30 eller 16.30/berre morgonplass.
- Det vert krevd foreldrebetaling for 10 termin pr. år. Det vert kravd ekstra betaling for opphald i ferie-SFO. Halv månadsbetaling for juni og august. Betalingsfri i juli.
- Planleggingsdagar: SFO er stengd 5 planleggingsdagar i løpet av skuleåret (sjå skuleruta/SFO-kalender).
- Ordinært SFO-tilbod følgjer skuleruta.
- Det er tilbod om ferie-SFO i haust- og vinterferien, og i sommarferien - inntil 2 veker i juni etter at skulen tek ferie, og inntil 2 veker i august før skulestart på nokre skular (**Rong skule** i nordre Øygarden). Ferie-SFO er stengd 4 veker i juli.
- Spesialavdelinga på Hjelteryggen skule har eige ferietilbod. Tilbodet er oppe for barn med spesielle behov frå alle skulekrinsar i kommunen.
- Påmelding til SFO i feriane skjer på eige, elektronisk skjema ein finn på kommunen si heimeside. **Påmeldinga er bindande.**
- **Søknadsfristen for desse tilboda er 4 veker før haust- og vinterferie og 15.april for sommar-SFO.**
- **Endring/oppseiing: Eleven har plassen til ut 4.kl. eller til plassen vert oppsagt. Det er 1 månads oppseiings- og endringsfrist frå den 15. i kvar måned, via digitalt skjema på nettsida til kommunen. Ved oppseiing eller endring av plassen etter 15. april, må ein betale for SFO-plassen ut skuleåret. Ved flytting frå kommunen gjeld oppseiingsreglane.**

Henting av barn:

- **Barna skal hentast på SFO.** (Vi tar ikkje i mot telefon/sms/transponder om å sende dei ut)
- **Faste avtalar:** Dersom du ikkje kan hente barnet ditt på SFO så kan du lage ei fast, skriftleg avtale på «Avtaleskjema» om når ditt barn skal sendast heim. Slike avtalar må være same klokkeslett kvar dag/veke/månad, og tidspunktet må være på heil eller halv klokke: EKS: «Lisa/Ole skal sendast heim kvar dag kl. 16»
- Gje beskjed på Transponder **innan kl. 12** dersom ditt barn **IKKJE** skal på SFO ein dag.
- Gje alltid beskjed til personalet når du hentar barnet ditt.

- Dersom andre skal hente, må vi ha beskjed på Transponder innan kl.12.
- Avtalar om å vere med andre barn heim må avtalast privat på førehand, og vi må ha beskjed via Transponder innan kl.12. Vi kan ikkje halde oss til munnlege meldingar frå barn.
- På morgon-SFO har vi egne lister der vi kryssar barna inn. Morgon-SFO avsluttast 08.20, då går barna til klasseromma.
- På ettermiddags-SFO har vi egne lister der vi kryssar barna inn på, og kryssar ut ved henting/heimgåing.
- Vært barna henta etter stengetid/påmeld tid (15.30/16.30) må føresette betale ekstrabeløp på kr. 280,- pr. påbegynt halvtime. Det er IKKJE søskenmoderasjon på «bot» ved for sein henting.

Måltid:

- Barna må ha med eigen matpakke til ettermiddags-SFO.
- På morgon-SFO kan barna ha med seg frokost-matpakke, dersom dei ikkje har ete heime.
- Drikke: barna må ha med seg eigen drikkeflaske med vatten eller anna drikke.



Klede og utstyr:

Dette må ditt barn ha tilgjengeleg kvar dag på SFO:

- Bytteklede
- Regnklede og støvlar
- Namn i alle klede og skotøy!
- Varme klede/kjeledress vinterstid

